



Breheimen  
nasjonalparkstyre

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:** Breheimen nasjonalparkstyre

**Møtested:** Teams

**Dato:** 11.01.2024

**Tidspunkt:** 08:30

---

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 1/24	Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 2/24	Breheimen NP - 2023 - Organisert ferdsel - Ove Lilleengen		2023/15748

**ST 1/24 Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar /**



Arkivsaksnummer: 2023/15748-2

Saksbehandlar: Stein Magne Grevrusten

Dato: 08.01.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	2/24	11.01.2024

## Breheimen NP - 2024 – Avslag - Organisert ferdsel – Sota sæter v/Ove Lilleengen

### Innstilling frå forvaltar

I styremøte den 11. januar 2024 har Breheimen nasjonalparkstyre vedteke å avslå søknaden frå Sota sæter v/Ove Lilleengen om organisert ferdsel i samband med gjennomføring av «Høgruta Breheimen». Avslaget er gjort med heimel i § 3 pkt. 5.2. andre ledd i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark. Tiltaket er vurdert til å kunne påverke verneverdiane og verneformålet på ein negativ måte.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. Forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men skal sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

- Søknad om organisert ferdsel i Breheimen nasjonalpark, datert 21.11.2023. Sota sæter v/Ove Lilleengen.
- Uttale frå dagleg leiar og formann i Lom Fjellstyre, datert 04.01.2024.
- Uttale Reinheimen – Breheimen villreinnemnd, datert 04.01.2024.
- Uttale Skjåk Almenning, datert 16.11.2023.

## Saksopplysningar

Sota sæter v/Ove Lilleengen ynskjer å gjennomføre organisert ferdsel i samband med «Høgruta Breheimen». Det er lagt opp til å marknadsføre og gjennomføre 2 turar med grupper i løpet av vinteren 2024. I e-posten frå Lilleengen står det:

*Sender over ett konsept som vi jobber med, Har snakket med grunneier (Skjåk Almanning) og fått positiv tilbakemelding fra de.*

*Har du noe å tilføye i denne saken?*

I svar til Lilleengen den 04.12.2023 skriv nasjonalparkforvalter:

*Viser til saken om «Høgruta Breheimen».*

*I verneforskrift for Breheimen nasjonalpark (§ 3 pkt. 5.2) står følgende om organisert ferdsel: «Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande. Organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta, jf. forvaltningsplan, jf. § 5».*

*Vi mener at dette organiserte turtilbudet kan komme i konflikt med verneverdien i Breheimen, og med bakgrunn i dette er opplegget søknadspliktig. Vi må derfor behandle denne saken før dere kan gå i gang med markedsføring o.l. Vi skal prøve å få gjort en behandling av saken rett før jul eller rett over nyttår. Jeg tror at jeg har de opplysningene som jeg trenger, men jeg tar eventuelt kontakt dersom jeg trenger flere opplysninger.*

Delar av motteke program for turen er attgjeve nedanfor.

*Dette er ein nyetablert tredagarstur i hjarte av et fantastisk fjellområde som for mange er ukjent. Bli med på skitur i vakre Breheimen og opplev ekte urørt natur. For å kunne delta på turen stilles det krav til at deltakaren er i god fysisk form, gode skiferdigheitar, godt vær og stabile snøforhold*

*Turen går i Breheimen Nasjonalpark nordvest for Jotunheimen. Turen starta med oppmøte på Sota Sæter kvelden før første turdag. Der blir det Middag, turmøte og pakking. Første turdagen starta tidleg med transport frå Sota til Kvendalsvollen i Bøverdalen sjølve turen starta. Tilet forhold det prøvar vi innom dei vestre Hestbrepiggane, Holåtindane og Tverrådalskyrkja. Vi endar opp igjen på Sota med avsluttande middag med 5-retters. Undervegs på turen bur vi på både betjent og ubetent avhengig av tidspunkt for turen.*

### **Dag 0**

*Oppmøte Sota Sæter, et blir middag og etter har me turmøte, pakking og generelle forberedelsar til dei neste dagane*

### **Dag 1**

*Kvendalsvollen – Trulsbu, Totalt ca. 22km 1500 høgdemeter*

Turen starta med transport til Kvendalsvollen frå Sota. Vi går innover til Neto så begynner stigninga, beveger oss vestover sør for Hestbrepiggmasivet til vi går opp mot Høybreen. Opp på Vestre og vestraste Hestbrepiggen og ned igjen mot Trulsbu. Alternativt går me rundt via vestre delen av Høybreen. Hytta er ubetjent, guiden står for mykje av oppvaring.

## **Dag 2**

Trulsbu – Nørstedalsæter Totalt ca. 18km 800 høgdemeter

Er vær og forhold med oss kan vi gå opp på alle tre Holåtindane. Frå Trulsbu går ein opp mot Holåbreen, går austre, midtre og austre. Ned mellom vestre og midtre retning Nørstedalssæter. Alternativt går ein rett til Lundadalsbandet og følger dalen om forholda tilseier det. Går turen i påska er det betjent der så ein kjem til 3-retters. Etter påske er det sjølvbetjening.

## **Dag 3**

Nørdsedalsæter – Sota Sæter Totalt ca. 23km 900 høgdemeter

Turens lengste etappe, vi følger Nørstedalen nordover til Fortunsdalsbreen. Er forholda med oss er det sjans for at ein kan gå opp Tverrådalskyrkja på vegen over til sota om ikkje følger ein kvista løype. Vel nede på Sota er det både badstue og 5-retters om ventar

## **Utstyr og bekledning**

Turen stiller krav til utrustning særleg at ein ikkje ber med seg for mykje. Sekken skal vere lett. Ikkje pakk med meir enn det som blir opplyst i lista. Skred og breutstyr kan leies på Sota, dette må avklares på førehand.

## **Overnatting og mat**

På denne turen nytta me både betjent og ubetent DNT hyttar. Før sjølve turen starta er me på Sota Sæter som er betjent. Det blir rask frukost og smøring av lunsj for første og andre turdagen. Første overnatting er på Trulsbu som er ubetent, guiden står for det praktiske på hytta med børebuing av mat. Middag, frukost og niste tile neste turdagen. Neste overnatting blir på Nørstedalsæter som er betjent. Der blir det 3-retters middag, frukost og niste smøring neste dag. På Sota Sæter igjen blir det full survice når ein kjem ned igjen med 5-retters på kvelden. Ein bør ha sjans til å ha med seg 2 liter væske om dagen og om ein ynskjer varmdrikke kan ein fylle termosane på hyttane.

## **Vanskegrad**

Krevjande. På denne turen må ein beherske skikjøring i variert føre og lende, bruk av stegjern og isøks. Ein må og vere i god fysiskform og ha ein grad av robustheit knytt til fjellet.

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Miljøverndepartementet har i brev av 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Breheimen nasjonalpark til Breheimen nasjonalparkstyre. Dette er gjort med medhald i naturmangfaldlova § 62.

### Verneformål – forskrift

Føremålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneheld særeigne, representative økosystem og landskap utan tyngre inngrep. Vidare er føremålet med nasjonalparken m.a. å ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald, ta vare på leveområde til villreinstammen i Reinheimen-Breheimen villreinområde, vegetasjon og landskap, og å ta vare på kulturminne. Ålmenta skal ha høve til uforstyrra oppleving av naturen gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

I § 3 pkt. 5.2 om organisert ferdsel i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark står det:

*Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande.*

*Organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta, jf. forvaltningsplan, jf. § 5.*

### Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen for verneområda i Breheimen står det at i utgangspunktet er all ferdsel til fots, også organisert ferdsel, er tillate i verneområda. I nasjonalparken er det likevel mogleg å regulere ferdsel som kan skade naturmiljøet. Bakgrunnen for denne regelen er at ferdsel i nokre tilfelle kan medføre stor slitasje eller at det kan forstyrre villrein og anna dyreliv, spesielt rovfugl og andre fugleartar som er sårbare for forstyrning i hekketida.

Organisert ferdsel blir i forvaltningsplanen definert som:

*Ferdsel der ein (person, lag, skuleklasse, firma el. likn.) planlegg, koordinerer eller gjennomfører tur og det gjeld ferdsel med grupper av deltakarar, ein aktivitet som vert gjenteken, eller der aktiviteten er kunngjort eller marknadsført på førehand. Dette omfattar mellom anna utsetting av postar for turorientering, topptrim, jaktprøver, jaktguiding, idrettsarrangement, større teltleirar over tid, organisert trening i store grupper og klatring i større grupper med fjellførar.*

I retningslinjene står det bl.a.:

*Ved vurdering av søknad om løyve i verneområda skal det leggjast stor vekt på om aktiviteten medfører fare for slitasje og skade på verneverdiar. Det kan setjast naudsynte vilkår for eventuelt løyve.*

*Søknadspliktig organisert ferdsel som kan vere i strid med verneføremålet skal leggjast utanfor verneområda.*

## Naturmangfaldlova

Omsynet til verneverdiane i området blir vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1(Føremål), 4 og 5 (forvaltingsmål for naturtypar, økosystem og artar), samt § 7 (prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

## Vurdering

Sota sæter v/Ove Lilleengen ynskjer å gjennomføre organisert ferdsel i samband med eit nytt konsept, «Høgruta Breheimen», som er under utvikling (sjå kart over området i slutten av dette dokumentet). I fyrste omgang et er lagt opp til å marknadsføre og gjennomføre 2 turar med grupper i løpet av vinteren 2024. Frå før arrangerer Sota sæter v/Ove Lilleengen 4 «Introkurs Randonee» og 4 turar med «Pudderfest» i Breheimen nasjonalpark i løpet av vinteren 2024. Turane og kursa går frå fredagar til sundagar gjennom heile vinteren. Dette er turar og kurs som hittil ikkje har vorte vurdert som uheldige med tanke på verneverdiane i nasjonalparken, og det har derfor ikkje vorte kravd søknad frå tiltakshavar.

Når nasjonalparkforvaltar fekk kjennskap til denne saka, vart det vurdert at tiltaket var søknadspliktig med tanke på kva konsekvensar tiltaket kan få for verneverdiane i Breheimen. Isolert sett vil ikkje dei to turane som det her er søkt om ha nokon stor innverknad på verneverdiane i Breheimen. Det springande spørsmålet i denne saka er kva som vil koma i kjølvatnet av at denne «nye» turruta skal bli «opna» og marknadsførast av DNT-hytta Sota sæter. Den Norske Turistforening (DNT) har eit stort nedslagsfelt med tanke på profilering av ulike turar, kurs og andre aktivitetar i norsk natur. DNT har 314.000 medlemmer og DNT sin digitale plattform, [www.DNT.no](http://www.DNT.no), produserer nesten ein million klikk pr. måned. Kursa og turane som Sota sæter arrangerer i dag er marknadsført på DNT sin aktivitetskalender. Det er derfor grunn til å tru at turane i samband med «Høgruta Breheimen» også vil bli marknadsført der.

Ein kan kanskje si at desse turane har eit snevert nedslagsfelt og at det er eit fåtal som vil delta på noko slik, men om ein ser til Jotunheimen så er høgruta der vorte ein populær tur med stor fokus gjennom internett og media. Turen har bl.a. si eiga nettside på norsk og engelsk med detaljert skildring av ruta. På turportalen [UT.no](http://UT.no) er det liknande profilering der du også kan laste ned spor/rute til GPS. Høgruta i Jotunheimen vart etablert i 2012 og er basert på ein modell av Haute Route i Alpane. Turen er litt over 90 km lang og ein bruker vanlegvis 5 dagar på turen frå Gjendesheim, gjennom heile Jotunheimen og til Krossbu. Turen går frå hytte til hytte, via fleire 2000-meter toppar. På internett finn ein mange aktørar som tilbyr guiding og fult opplegg i samband med høgruta i Jotunheimen. I tillegg er det også fleire som gjennomfører turen på eigehand. Hovudsesonen for turen er oppgeve til å vera mars, april og fyrste delen av mai.

I 2022 gjorde [NRK eit intervju](#) med ein av vertane som driv turisthytte langs høgruta i Jotunheimen. Han beskriv at det i 2014 var rundt 50 personar som gjekk høgruta, men i 2022 var dette talet oppe i langt over 400 personar. I intervjuet går det også fram at det er forventa at talet vil auke betrakteleg på grunn av stor etterspørsel den siste tida.

I følgje turbeskrivinga som er motteke er «Høgruta Breheimen» ca. 63 km lang og kan gjennomførast i løpet av 3 dagar. Dette gjer at ruta gjennom Breheimen er meir overkommeleg tidsmessig i forhold til høgruta i Jotunheimen, og kan gjennomførast



eksempelvis frå ein fredag til og med påfølgjande sundag. Når ein ser på kartet over området ser ein at turen også kan varierast med mange ulike «avstikkarar» frå ruta som det er søkt om. Fjellområda østover, som ligg nord og sør for Tundradalen og Lundadalen, er lett tilgjengelege «avstikkarar» frå hovudruta, og blir sett på som fine skiområde med fleire toppar på rundt 2000 meter. Dette er også spesielt viktige beite- og kalvingsområde på denne tida av året, og ein auke i bruken av desse områda blir sett på som ei vesentleg ulempe for villreinen.

Reinheimen-Breheimen villreinnemnd har kome med uttale i saka og utdraget frå uttala nedanfor beskriv villreinens områdebruk godt:

*Dette området er normalt leveområde for villrein vår, sommar og haust. Villrein er sårbar for forstyrning på vinter og vår. Denne perioden er energikrevjande for villrein og det kan vera vanskelege tilhøve for å skaffe mat. På slutten av denne perioden kjem det både trekk mot kalvingsområde og mot sommarbeiteområde. Det er viktig å unngå forstyrning i desse periodane og i område som er viktige trekkpassasjer.*

*Spesielt for grenseområda mellom Skjåk og Luster: Normalt oppheld villrein seg nord for Lundadalen i Skjåk på vinterbeite. På våren trekker bukkane sør-vestover. Det er ynskjeleg med auka arealbruk sørvestover mot og inn i Luster i dei områda villrein har brukt aktiv i tidlegare tider. Det er derfor viktig å unngå å forstyrre villrein på trekk sørvestover på våren. Gjeld mellom anna i grenseområda Skjåk- Luster (t.d. Nørdstedalseter, Medalsbu, Sota Sæter). Spesielt på våren bør ein prøve å avgrense ferdselen i dette området. Villreinutvalet i vårt område gjer normalt villreinteljing i januar-februar. Vinteren 2014 vart det ikkje teljing før 27. mars. Da hadde allereie 166 dyr kryssa Lundadalen og vart observert ved Hesthøe. I den mest populære topptursesongen på våren vil høgruta i Breheimen delvis overlappa med villrein sin arealbruk.*

*Fjellområda i Breheimen er relativt lite besøkt. Nokre guida turar her er neppe det største problemet isolert sett, men marknadsføringseffekten av at ei slik rute blir etablert kan gi verknad på ferdsla i området.*

*Villreinnemnda er bekymra for effekten av auka ferdsel i dette området. Villrein sin arealbruk til Luster er avhengig av at vårtrekket her fungerer. Vi vil tilrå varsemnd med etablering av nye ruter og aktivitetar i dette området. (Villreinnemnda viser også til artikkelen frå NRK som er beskrive tidlegare i saka).*

Skjåk Almenning har gjeve tiltakshavaren følgande uttale i saka:

*Det er svært positivt at grunneigaren og forvaltninga blir kopla inn på eit tidleg tidspunkt. Dette lovar alltid godt for dialog og løysingar. Omsyn til naturmangfald må vurderast nøye i slike tilfelle. Isolert sett ser vi ikkje dei store negative verknadane for villrein slik organiseringa er skissert. Når det er sagt, så er villrein- og grunneigarinteressa meir bevisst på korleis og kor vidt ein skal marknadsføre Breheimen framover. Som kjent er også fjellområda rundt Sota eit fokusområde i kvalitetsnormen for villrein. Her blir det sjølvsagt eit paradoks med næringsutvikling og den biten med lokal verdiskaping. Likevel er relativt lite besøk og urørt natur eigenarten til Breheimen, og det må vi for all del ta godt i vare. Dette er nedfelt i verneforskriften for Breheimen Nasjonalpark;*

## 5.2 Organisert ferdsel

Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande.

Organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta, jf. forvaltningsplan, jf. § 5.

Slik type organisert ferdsel er også omtala i Friluftsløva;

### § 10. (Friluftsmøte m.v.)

Friluftsmøte, idrettsstevne (f.eks. skirenn eller orienteringsløp) og liknende sammenkomst som kan medføre nevneverdig skade eller ulempe, kan ikke holdes uten samtykke av eier eller bruker av grunn hvor avsperring foretas, samling, start eller innkomst finner sted eller hvor sammenstimling av folk for øvrig må påreknes.

Løype for skirenn, terrengløp eller liknende må legges slik at skade på skogforynging og ungskog og skade på gjerde så vidt mulig unngås.

Med bakgrunn i dette har Skjåk Almanning ei forventning om at ein som grunneigar gjev samtykke til alle slike organiserte arrangement i sårbare område framover. Dette for å ta i vare verdiane som området har, og syrgje for at dei blir varige.

### Vilkår for gjennomføring

1. Skjåk Almanning opnar for gjennomføring av Høgruta Breheimen i 2024. Dette blir i fyrste omgang sett på som ei prøveordning der ein vidare må vurdere omsyn til verneverdiane i området.
2. Ein føresetnad for gjennomføring er at turane (2 stk i 2024) blir gjennomført før tida der bukkane trekkjer mot vårbeite og nyttar området vestover Netosæterfjellet og indre delar av Lundadalen. Dvs. 1.april. For gjennomføring i 2024 er det skissert gjennomføring i påska. Dvs. i perioden 24.3 – 1.4.
3. Ein held seg til skissert rute og unngår særskilt området austafør Hestbrepiggane. I forkant av turane skal det vera ein dialog med villreinutvalet for å utveksle informasjon om villreinen sitt tilhald.

Opplegget må også avklarast med nasjonalparkforvaltar i Breheimen.

Det vart også teke kontakt med dagleg leiar i Lom fjellstyre for å få ei uttale angående ei eventuell etablering av «Høgruta Breheimen». I svaret blir det presisert at momenta i uttala må sjåast på som generelle, kunnskapsbaserte opplysningar frå fjellstyreleiar og dagleg leiar- og fjelloppsyn. Dette er altså ikkje ei formell uttale frå fjellstyret:

Området nord for Bøverdalen og Høydalen er av dei mest urørte areala vi har på statsallmenningane våre i Lom. Samanlikna med områda i og ved Jotunheimen er komersiell bruk, tilretteleggingsgrad og ferdsel på eit vesentleg mindre nivå. Fjellstyret har i tidlegare saker vore tydelege på at ein ikkje ynskjer auka ferdsel, tilrettelegging og marknadsføring av dette området. Dette går mellom anna fram i sak 34/2023 – høyring av besøksstrategi for verneområda i Breheimen. Eit anna moment som underbyggjer dette synet er at fjellstyret har gjort eit bevist val om å ikkje opne

*for utleige, eller tillate overnatting, i Geitåbua, ei bu som er eit svært godt utgangspunkt for toppturar i Hestbrepiggane.*

*I tida februar til april er området nytta til tamreinbeite av Lom tamrein. Dette arealet er eit uvurderleg vinterbeiteområde for tamreinlaget, og avgjerande for driftsgrunnlaget deira. Siste tiåra har vi sett auka utfordringar knytt til at ein vaksande del villreinbukkar har nytta seg av området same tida som tamreinlaget oppheld seg der. Samanblanding kan enkelte år være ei reel fare som er svært uynskt for både tamrein- og villreininteressene. Auka ferdsel i område der ein har tilhald av både vill- og tam rein, vil kunne gje ei auka fare for samanblanding.*

*Erfaringar vi har frå «Høgruta Jotunheimen» syner at eit slik konsept har potensiale til å generere vesentleg aktivitet. Ein del av denne aktiviteten er knytt til den kommersielle delen som ein til ein viss grad kan sette vilkår å ha kontroll med, men eg meiner det er viktig å påpeike at ein stor del av aktiviteten rundt eit slik konsept/turløype etterkvart og skjer utan kommersiell forankring/styring.*

I forvaltningsplanen og besøksstrategien for Breheimen står det at forvaltninga av området skal skje etter ein hovudregel om at brukarinteressene skal tilpassast verneverdiane, og ikkje omvendt. Dette for at verneverdiane ikkje skal bli forringa på sikt. Besøksstrategien beskriv at det ikkje er noko mål å auke talet på besøkande i dei sentrale og dei mest sårbare delane av Breheimen, men heller leggje til rette for auka besøk på nokre plassar i ytterkanten av verneområdet som kan tole dette. I strategien står det også at det er eit mål å skjerme dei mest sårbare delane av villreinen sitt leveområde. Villreinens leveområde er eit av dei viktigaste formåla med vernet av Breheimen nasjonalpark, og villrein er ein art som er sårbar for ferdsel. Den har også krav til store beiteareal sommar og vinter, uforstyrta kalvingsområde, frie trekkveggar og tilgang på «reserveområder». Det er derfor viktig å ikkje gjere endringar på strukturen som er i dag med tanke på folks ferdselsmønster og ferdselsintensitet.

I *kvalitetsnormen for villrein* vart Sota sæter definert som eit nytt fokusområde. Tidlegare har aktiviteten ved Sota sæter vore sesongbasert, men i dag er det tilnærma heilårsdrift på DNT-hytta, med bl.a. organiserte turar både sommar og vinter. I kvalitetsnormen står det at aktiviteten ved Sota sæter kan påverke trekkpassasjen frå Sekken og over dalen til Sotflyi, men i tillegg også trekket forbi Illvatnet og arealbruken sørover inn i Luster kommune. Trafikken av folk er i følgje kvalitetsnormen for det meste konsentrert mot Tverrådalen og Tverrådalskyrkja, i samband med toppturar hele året. Det er viktig at en trekkpassasje blir opprettheldt frå Sota sæter og vestover for at villreinen skal få utnytte dei sørvestre områdene i Breheimen.

Nasjonalparkforvaltar meiner at det generelt sett er god kunnskap om området. Med bakgrunn i databasar (Naturbasen og Artsdatabanken), forvaltningsplanen for Breheimen, ulike naturfaglege rapportar og generell kunnskap om området, er det god oversikt over kva som kan påverke natur og miljø negativt. I denne samanhengen er det derimot meir usikkert kva som kan vere konsekvensane dersom det blir lagt opp til organisert ferdsel, som i neste omgang kan generere anna uorganisert ferdsel inn i området. Når ein ser utviklinga som har vore i samband med høgruta i Jotunheimen, er det grunn til å tru at ein kan oppleve den same utviklinga i Breheimen over tid. Når konseptet først har «sett seg» i eit område er det vanskeleg, eller rettare sagt umogleg, å reversere utviklinga med dagens lovverk.


Ein enkelt tur vil vanlegvis ikkje påverke naturmangfaldet i stor grad. Slik er det i denne saka også. Dei to turane det er søkt om vil isolert sett ikkje påverke nemneverdig. Men dersom det blir mange turar av same art vil den samla belastninga bli stor. I dette tilfellet er det altså dei eventuelle følgjane av at Sota sæter etablerer og marknadsfører konseptet «Høgruta Breheimen» som er det som kan føre til at belastninga på villreinen blir for stor. Men det er ikkje berre den uorganiserte ferdselen som eventuelt kjem i kjølvatnet her som kan vera uheldig for villreinen. Ved å gje løyve i denne saka vil ein også skapa presedens for andre firma og aktørar som ønskjer å gjennomføre den same eller liknande turar. Om ein legg til grunn den same utviklinga i Breheimen som i Jotunheimen for å få dette i perspektiv, vil det om 10-12 år kunne gå over 60 grupper med 7 deltakarar i kvar gruppe i løpet mars og april månad pr. år. Dette er ei utvikling som vil kunne få vesentleg innverknad på villreinen.

I ein del område ser ein at det tradisjonelle friluftslivet er på retur, og at «nye» typar aktivitet som eksempelvis toppturar med randonee-utstyr, kiting, sykling, bruk av hundespenn m.m. er vorte meir populært. Desse endringane i friluftslivet kan føre til konflikhtar mellom brukargrupper og eksempelvis villreininteresser. For dei aktørane som skal forvalte utmarka er det ei utfordring å vera i framkant av utviklinga. Endringane i desse trendane kjem raskt og blir fort populære. Forvaltninga har ofte ikkje eit regel- eller lovverk som er tilpassa slik endringar, og blir derfor «bakpå» i ein del situasjonar. I dagens lovverk har forvaltninga anledning til å regulere den organiserte ferdselen dersom den kan påverke verneverdiane negativt. Den uorganiserte ferdselen som skjer innanfor rammene av allemannsretten og friluftlova er derimot vanskelegare å regulere innanfor dagens lovverk.

Med bakgrunn i føre-var-prinsippet er det vurdert at det er stor sjanse for at tiltaket vil kunne medføre vesentleg ulempe for villreinen sin bruk av viktige areal i Breheimen. Dette gjeld spesielt perioden på seinvinter-vår, der villreinen treng ro i samband med overgang frå ein ofte hard vinter til ei ny sårbar periode med kalving. Sjølv om det er knytt usikkerheit til kor store negative effektar tiltaket vil få, legg nasjonalparkforvaltar til grunn at tiltaket vil kunne få negative konsekvensar for arten, jf. naturmangfaldlova § 9.

Etter ei samla vurdering tilrår nasjonalparkforvaltar at søknaden om gjennomføring av organisert ferdsel i samband med «Høgruta Breheimen» blir avslege med heimel i § 3 pkt. 5.2. andre ledd i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark. Det blir lagt til grunn at tiltaket strider mot føringane i forvaltningsplanen for Breheimen nasjonalpark. I nasjonalparkar skal det ikkje skje varig påverknad av naturmiljø, med mindre dette er ein forutsetning for å ivareta verneformålet. Tiltaket vil på sikt kunne føre til at verneformålet og verneverdiane i Breheimen nasjonalpark blir negativt påverka.

Med bakgrunn i dette vil ikkje dei andre miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova bli vurdert i saka.



*Raud stipla linje er beskrevet rute. Raud sirkel er startpunkt og plasser for overnatting. Funksjonen til dei andre fargane i kartet er forklart i figuren på venstre side.*